

Til

NOREGS VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksnummer: 202108665

Kommentarar frå tiltakshavar til høyringssvar i samband med konsesjonspliktavurdering av Breistøl minikraftverk

Kommentarar til Agder fylkeskommune sin uttale

Bekken i tiltaket har ikkje fisk eller andre organismar som kan falle inn under Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag §1, første ledd. Tiltakshavar vonar difor at dette ikkje er relevant.

Kommentarar til Statsforvaltaren i Agder

Det er lagt til grunn at landskapet i og rundt røyrkata skal oppretthaldast i størst mogleg grad. Dagens bare fjell vil bli oppretthaldt som eit landskapselement. Vasstrengen er i dag ikkje synleg som eit viktig landskapselement i området.

Bekken er ikkje fiskeførande.

Nøyaktig plassering av røyrgate utover vedlagte kartskisser i melding om konsesjonspliktavurdering er ikkje bestemt. Tiltakshavar skal finne ein trasé som unngår store inngrep som t.d. sprenging. Alternativt kan ein samstundes redusere diameteren på røyrkata for å enklare oppnå tilstrekkelig overdekning med mindre terrenginngrep.

Kommentarar til Evje og Hornnes kommune

Tiltakshavar vonar at dispensasjon frå gjeldande PBL-regulering vil vere tilstrekkeleg dersom tiltaket ikkje skal handsamast etter Vassressurslova.

Tiltaket sitt avgrensa omfang, samt intensjonen om kraftverket som eit supplement til gardsdrifta og lokal forvalting av ressursar, er til gagn for kommunen, for lokal verdiskaping og det er heilt i samsvar med gjeldande regional og nasjonal energipolitikk.

Med helsing

Eivind Skomedal
Tiltakshavar
eivind00skomedal@gmail.com